



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 10.08.2026

Vår ref.: 202614306-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Glomsdam kraftverk i Fyresdalsåna i Fyresdal kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Glomsdam kraftverk AS om vurdering av konsesjonsplikt for Glomsdam kraftverk. Førespurnaden blir no send på høring med høyringsfrist 22.09.2026.

Om tiltaket

NVE har fått ein førespurnad frå Glomsdam kraftverk AS, datert 22.06.2026, om vurdering av konsesjonsplikt for Glomsdam kraftverk i Fyresdalsåna. Kraftverket er planlagt i eksisterande reguleringsdam, Glomsdammen, som i dag blir nytta for å regulere Fyresvatn. Tiltaket fekk opphavleg konsesjonsfritak 02.08.2017, og dessutan forlengde av vedtak 07.11.2022 (NVE saksnummer: 201600846). Prosjektet løysing er likevel no endra for å mogleggjer ei bygging med akseptable konsekvensar for samtidig drift av reguleringsanlegga.

Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9755/V.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Dersom det er aktuelt å synfare prosjektet vil vi invitere dykk med.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9755/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202614306» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202614306» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **22.09.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Håkon Haglund Norstrand

Senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ARENDALS VASDRAGS BRUGSEIERFORENING
FYRESDAL KOMMUNE
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

GLOMSDAM KRAFTVERK AS